

MILJØRETТА HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

KOPI

Meland kommune

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2184 - 19/9162

Saksbehandlar:
Grethe Elin Mjelde
grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:
18.03.2019

Læringsverkstedet Flatøy barnehage - Tilsynsrapport 2019

Den 15.3.19 gjennomførte Miljøretta helsevern eit tilsyn etter «Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.» i Læringsverkstedet Flatøy barnehage. Internkontrollsystemet, inne- og uteareal vart inspisert. Leikeplassutstyr vert kontrollert av «SKAN-KONTROLL».

Styrrar Mona Uglum Osberg møtte frå verksemda og teknisk-hygienisk ingeniør Grethe Elin Mjelde møtte frå miljøretta helsevern.

➤ **Heimel**

Folkehelseloven, kap. 3 og **Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.** samt helsedirektoratets rettleiar til forskrifta "Miljø og helse i barnehagen" (IS-2072).

➤ **Historikk**

Flatøy Husmorlags Barnehage «Solstrålen» vart oppkjøpt av Læringsverkstedet i 2014, og endra namn til Læringsverkstedet Flatøy barnehage.

Miljøretta helsevern har utført tilsyn etter forskrifta i 2006, 2007, 2008, 2011 og 2014.

➤ **Tilsyn**

Læringsverkstedet Flatøy barnehage har eit netto leike- og opphaldsareal på 100 m², og er godkjent for 25 barn over 3 år.

Tal barn i barnehagen justerast i høve til alderssamansetjinga i barnegruppa og godkjent areal.

§ 9 i rettleiaren til forskrifta ("Miljø og helse i barnehagen») har sett norm for inneareal. Rettleiande arealnормer tilseier eit areal på 4 m² for barn over 3 år og 5,3 m² for barn under 3 år. Uteområdet bør vere ca. 6 gongar større enn inneareal (24 m² for barn over 3 år og 33 m² for barn under 3 år).

I 2019 er det 18 barn i barnehagen, der 12 barn er over 3 år og 6 barn er under 3 år. Til denne barnegruppa treng barnehagen 80 m² netto leike- og opphaldsareal.

Læringsverkstedet Flatøy barnehage har tilfredsstillande leike- og opphaldsareal.

Avvik/merknad:

Definisjonar:

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsett i lov eller forskrift med heimel i lov.

Merknad: Forhold som tilsynsmyndigheita meiner det er nødvendig å påpeike, men som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik.

Det vart ikkje avdekt avvik eller merknadar i høve til «Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.»

Barnehagen har utført risikokartlegging inne og ute, og tiltak er sett i verk ut i frå dette.

Anna:

Barna søv i vogner inne. Av omsyn til risiko har barnehagen innført sovevakt. Det er ikkje optimalt å ha vogner inne. Barnehagen jobbar med å finne ei betre løysing angående plassering av vogner.

Med helsing

Tord Moltumyr
kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde
teknisk-hygienisk ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Link:

Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1995-12-01-928>

Veileder til forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler

<http://helsedirektoratet.no/publikasjoner/miljo-og-helse-i-barnehagen/Sider/default.aspx>

Kopi til:

Martin W Kulild
Meland kommune
Mette M. Træland